

Ei drivkraft i norsk språkrøkt

Språknytt intervjuar Alf Hellevik, som har vore medlem i Norsk språknemnd og Norsk språkråd i til saman 28 år. No er han gått av med pensjon og er gått ut av Språkrådet.

Vi viser elles til bokmeldinga på side 3.

Alf Hellevik — du har vore aktiv i norsk språkrøkt i over 40 år. Kan du på ein enkel måte seie noko om korleis forholda har endra seg i desse åra?

— Midt i trettiåra var eg med i ei nemnd som Studentmållaget sette ned til å vurdere framlegget frå den nemnda som førebudde rettskrivingsreforma 1938. Det kan ein vel seie var min første aktive innsats i norsk språknormering. Studentmållaget var i desse åra ein møtestad for politisk og språkleg radikal og reformvillig ungdom både frå nynorsksida og bokmalssida. Og vi som sat i nemnda, var da òg samde i grunn tanken i rettskrivingsframlegget enda om vi var kritiske til mange detaljar. Sjølv hugsar eg at eg i avsnittet om pronomen argumenterte sterkt for at den mest rasjonelle løysing på skilnaden meg/mig, deg/dig og seg/sig var å skrive meg, deg, seg i begge mål. Det vart òg gjennomført i 1938, og er vel ei av dei endringane som slo fortast igjennom. Eg er redd for at endatil ei så enkel reform i dag ville vekt sterk uvilje. Det språkpolitiske klimaet er i dag eit anna enn i trettiåra. Og den sterke reaksjonen i bokmålet mot 1938-retts-

skivinga og den såkalla samnorsken er nok hovudgrunnen til at dagens nynorskungdom ikkje har vår optimistiske tru på at språkstriden kan bli avløyst av samarbeid og tilnærming mellom dei to skriftmåla. Til gjengjeld er ungdomen i dag langt flinkare enn vi til å hevde nynorskens soleklare rett.

Kvar går hovudskilja i norsk språkstrid no?

— Hovudskilja i språkstriden går no som i trettiåra mellom på den eine sida nynorskbrukarar og på den andre sida dei som held fast på bokmålet. Og på tvers av denne skiljelina går skiljet mellom dei i begge målleirane som er villige/uvillige til å gi avkall på nokre innarbeidde språkvanar for å oppnå ei gradvis tilnærming mellom måla.

Her må ein nok dessverre slå fast at utviklinga ikkje har gått slik som vi vona og trudde. Samarbeidsviljen og fellesskapskjensla som vart styrkt i krigs- og okkupasjonstida, varte ikkje så langt inn i etterkrigstida — heller ikkje når det galdt våre uløyste målspørsmål. Eg kjenner elles ingen grunn til å distansere meg frå

(Framh. s. 9)



kna av Randi Monsen

(d løyve frå teiknaren)

3) klart ser problemene som er forbundet med valgfriheten, legger han større vekt på de positive verdiene dobbelformene kan ha som et pedagogisk prinsipp i skrifter

(Forts. s. 12)

«Att tala nordiskt»

Hvordan bør vi uttrykke oss for å bli forstått av våre nordiske grannfolk? Dette spørsmålet blir tatt opp i skriftet «Att tala nordiskt» — språkråd til nordbor i nordiskt samarbeite», som er gitt ut av Nordisk råd og Nordisk språkskrætarat.

Kort fortalt går rådene ut på følgende:

- snakke langsomt og med tydelig artikkulasjon
- unngå «tomme» fraser og spesielle uttrykk
- bruk samnordiske ord der slike fins
- vær på vakt mot ord som lett blir misforstått, f.eks. ved at de har annen betydning i de andre språkene
- vær ikke redd for å si ifra når du ikke forstår

Skriftet inneholder også korte beskrivelser av slike forskjeller mellom dansk, norsk og svensk som kan volde problemer for forståelsen. Dessuten er det med anvisninger for uttalen av navna på de forskjellige språkene — også islandsk, færøysk, finsk og samisk — og en kort veiledning for tolker. Bak i skriftet er det en liste med ca. 400 ord fra det sentrale ordforrådet i dansk, norsk og svensk som ikke umiddelbart blir forstått i grannespråkene.

Skriftet er utarbeidet av filmag. Catharina Grünbaum og professor Bertil Molde i nært samarbeid med de nordiske språknemndene.

Interesserte kan få skriftet ved å henvende seg til Nordisk språkskrætarat, postboks 8107 Dep, OSLO 1. Tlf. (02) 55 98 09.

Ståle Løland

Nyord ...

(Forts. fra s. 7)

hverkvinne jamfør hvermann:
Vanskeigheten består i å finne en
mann uten at gud og hverkvinne
skal få vite det. Dagbladet 5.1.
1980 24, 5.

hyttell overnattingssted med hytte-
utleie: Campingkivet hvor med an-
dne ord ikke bare sommeren til ...
Hyttell. Vi har 20 hytter, hver
på 25 kvadratmeter. Fåre senger-
plasser, kokemuligheter ... Et
alternativ til hotellnet for mange
som kommer til Oslo. Arbeider-
bladet 8.3.1980 11, 3—4. — Jam-
før flottell ovalor.

rack Du er ikke helt sikker på hva
et rack er? Det er rett og slett en
hylle som er spesiallaget til stereo-
anlegg. På bildet har vi fått plass
til platespiller, forsterker, kasset-
spiller og LP-samlingen. Dagbladet
12.12.1980 11, 3—4 annonse. — Fra
engelsk rack. Også i svensk: rack.

veidunde veidandre, sver, tung og
dandrende lastebil, oftest med til-
henger el. semitrailer; også kalt
«trailer» (feilaktig) og «voogtog»
(forvirrende). Pål Jensen: Bliens
dittatur, 1979, side II.

Ljostal / Lystal(O)

Pål Brandtæg, Hedmark vegkontor, har ringt til oss og protestert mot *Ljostallystal(l)* som avlæysarord for *ågtallal(l)* (sjå nyordsspalta i førre nummeret). Han hevda at det slett ikkje treng vere lysande tal. På kvartsklokkene er det ofte svarte tal på lys bakgrunn. Det er såleis ikkje dekkjande å koppe saman lys og siffer på denne måten.

Vi er samde med Brandtæg i at nemninga *Ljostallystal(l)* kan vere uheldig der det gjeld mørke tal mot lys bakgrunn. Men oftest er det vel lyse tal mot mørk bakgrunn vi ser, mellom anna på lommerekonar. Poenget med desse tala er eit *skiftande* samspel mellom lys og mørke, dei står ikkje fast slik som trykksvertetel i ei bok til dømes. Frå før har vi nemninga *lysvæis* som gjeld noko liknande, bokstavar som kjem til syne ei stund, dannar ord, og så blir borte igjen.

Vi vil derfor halde fast på framlegget om *Ljostallystal(l)*. Kva meir lesarane om dette?

Ei drivkraft ... (Fremh. frå s. 5)

ungdomstidas språksyn og arbeids-
mal. Og det er gledeleg å oppleve
at i det miljøet der eg har hatt
mitt yrke, mellom dei som grans-
kar og underviser i norsk mål ved
universiteta og høgskulane, og mel-
lom studentane der, er interessa
for ei planfast og samlande språk-
røkt større enn nokosinne, og den
er tufta på ei meir omfattande og
djupare innsikt i språk- og sam-
funnsforhold.

Har stillinga for nynorske mål
utvikla seg til det betre sidan du
tok til å interessere deg for språk-
spørsmål?

— Stillinga for nynorsk mål har
sjølvsagt ikkje utvikla seg til det
betre når ein ser på tilbakegangen
for nynorsk som opplæringsmål i
grunnskulen. Og eg som andre mål-
folk vonar denne utviklinga må
kunne snuast til ny framgang. På
den andre sida har vel aldri ny-
norsk mål gjort seg så sterkt gjel-
dande i litteratur og presse og

kringkasting som no. Kva som blir
resultatet av så motstridande ten-
densar, vil først framtida vise.

Du har lenge vore talsmann for
ei rettskriving som skulle ha stor
vulfridom, spesielt for skulebøvar,
og ei trongare norm for offentleg
målbruk. Korleis er du nogd med
denne ordninga no?

— Synet på valfridom i rett-
skrivninga har skifta frå tid til tid
og frå den eine rettskrivings-
nemnda til den andre. Det er da
øg eit vanskeleg spørsmål i norsk
språknemnering. På den eine sida
skal utvida valfridom skape ny
kontakt mellom skriftnorma og ut-
breidd talemål og mellom skrift-
måla innbyrdes. På den andre sida
er ein relativt fast og stabil nor-
mal eit gode i norsk som i andre
skriftmål. Rettskrivinga 1917 inn-
førte stor valfridom som eit første
steg på vegen mot fornorsking av
bokmålet og tihærning mellom
bokmål og nynorsk. Rettskrivinga
(Fremh. s. 13)

«Teledata» og «tekst-tv»

I Språknytt nr. 1 1979 stod det en artikkel som tok opp spørsmålet om et hensiktsmessig avløserord for «viewdata», som har vært brukt som betegnelse for en ny teletjeneste.

På grunnlag av denne artikkelen og tilsvarende artikler andre steder kom det en rekke forslag til avløsere, bl.a. *videotekst*, *skjermdata*, *datavisjon*, *data-tv* og den fornorskede skrivemåten *vjudata*.

Spørsmålet ble tatt opp i Televerket og i Norsk språkråds komité for dataterminologi. På et møte mellom representanter for de to institusjonene ble det enighet om å tilrå termene *teledata* og *tekst-tv* (eventuelt *tekstfjernsyn*).

Det er nemlig snakk om to tjenester, en som Televerket tilbyr (teledata), og en som kringkastingen står for (tekst-tv). Teledata-tjenesten innebærer at brukeren over telefon kan få kontakt med en datasentral og få informasjon derfra presentert på fjernsynsskjermen. Kommunikasjonen er altså toveis. Kringkastingens tilbud

likner på teledata ved at en kan få tekstinformasjon på fjernsynsskjermen hjemme. Forskjellen ligger i overføringen. Tekst-tv benyttes ledig kapasitet i det ordinære fjernsynssignalet, og informasjonen flyter bare en vei.

Ved å bruke forstavelen *tele* for det ene systemet knyttes forbindelsen til andre tjenester som Televerket tilbyr: *telefon*, *telegram* osv. Betegnelsen *tekst-tv* (eventuelt *tekstfjernsyn*) kan vise at denne tjenesten har noe med kringkastingen å gjøre. Språklig er det viktig at betegnelsene følger norske språkregler. Dessuten er det trolig lettere å forstå enn «viewdata» og «teletekst».

Tilrådingen om de norske termene ble via Nordisk språksekretariat formidlet til Danmark og Sverige. Resultatet er at teledataministrasjonene og radioselskaperne i disse landene nå har gått inn for tilsvarende termer. I dette tilfellet lyktes en altså i å komme fram til nordisk terminologisk samsvar.

Ståle Løland

RETNING

I nr. 1 1980 hadde vi «forfremma» vararepresentanten Arne Gjeraker til lensmann. Han er student og vil være det ei tid frametter. Vi er lele for feilen!

Alf Hellevik . . . (Forts. fra s. 4)

språksopplæringsa. Hellevik er her uten tvil i takt med et utbredt syn

hos samtidige språkfolk, men det stemmer også overens med det som synes å være ei grunnleggende oppfatning hos han sjøl: at den eksisterende normen ikke bare skal være ei rettesnor, men også ei hjelp for dem som skal bruke skriftspråket.

Alf Hellevik:

«Språkrøvet og språkstyring»
Det Norske Samlaget 1979

Ei drivkraft . . . (Framh. frå s. 9)

1938 var eit forsøk på å oppnå ein fastare normal samtidig som ein heldt fast på siktepunktet: tilnærming på grunnlag av norsk folkelsmål. Det var og siktepunktet for Språknemnda under arbeidet med ny læreboknormal i 1959. Vi prøvde da å stramme inn på læreboknormalen, men heldt opp valfridomen for elevane. Og som eg har hevda også i Språkrådet, er dette det normeringsprinsippet som best kan løyse problemet med ei var-sam styring av språkutviklinga. Kjennom læreboekene og den offentlege målbruken, samtidig som elevane kan få byggje mest mogleg på sitt naturlege talemål og etter kvart også få innøvd hovudformene i den riksnormalen som lærebooknormalen eigentleg er tenkt å skul-le vere.

I ein artikkel i *Syn og Segn* i 1945 var du nok så kross da du avviste den tanken rettskrivingsnemnda i 1935 var inne på, om å la elevane i grunnskulen få skrivje eit skrift-mål med store inslag av dialekt. I 1973 heldt du eit foredrag der du peika på ein del vanskar for elevar som snakkar dialekt, og du gjekte inn for at det skulle bli sett i gang forsøk med den første lese- og skrivopplæring på dialekt. I 1977 skrivar du om «ei verkeleg frigjerande morsmålsundersøving». Kva meiner du med dette, og kva er det som har gjort at du har endra syn på morsmålsopplæringsa?

Dei synspunkta som rettskrivingsnemnda i 1935 målbar om større fridom for elevane til å bruke utbreidda dialektformer som ikkje hadde fått rom i rettskri-

vingsnormalen, oppfattar eg i dag som ei pedagogisk hjelpetå i grunnskulen. Eg tolkar med andre ord dette punktet i framlegget i lys av det språkpedagogiske synet på den første lese- og skrivopplæringsa som har vorte enda skerpere underbygd i våre dagar. Men da må også valfridomen nyttast med tanke på eleven og hans tale-målsgrunnlag. Det er det eg meiner med ei verkeleg frigjerande morsmålsopplæring.

Bolmålsselsjonen i Språkrådet vedtok på møtet i 1979 å råde til større valfridom også i lærebooknormalen. Kva vertander trur du dette vedtaket vil få dersom det blir sett ut i livet?

— Eg trur det vil føre til det motsette av ei frigjerande morsmålsopplæring. Det vil bli større vanskar enn før for fortlaga som må gjere det val av lærebookformer som Språkrådet ikkje har gjort. «Liberaliseringen» vil bli utnytta av pressgrupper til å fremje bruken av tradisjonelle skriftformer i læreboekene i strid med talemålet til det store fleirtalet av elevane.

Debatten om talemålsnormering har stiltåa av. Du rådde i 1973 dei som skreiv nynorske til ei var-sam normering i retning av nynorskenormalen, av di det elles lett vart til at ein normerte til bolmål, og det vart knytt av det. Knotar folke minde no, eller meiner du dette framleis er riktigg å arbeide med? Kven er det eventuelt som bør leggje vinn på (ei viss) normering?

— Ja, det er ikkje tvil om at folk bruker tryggare sitt naturlege talemål og knotar mindre enn før (Framh. neste side)

(Fremn. frå s. 19)

både i og utanfor heimemiljøet. Det er mange årsaker til det, bl.a. økonomisk framgang og auke i lokalsamfunnet. Det er dei same drivkreftene som ligg bak den sterke hevdinga av minoritetsspråk som vi kan registrere i land etter land.

Verdifullt er òg føredømet til nynorskbrukarar i NRK og til bygdefolk som i radio og fjernsyn trygt talar sitt eige mål. Eg meiner elles stendig at det er rett og rimeleg at både målfolk og bokmålfolk utanfor sitt heimlege miljø til ein viss grad kjemner trong til å normere talemålet sitt. Men da bør det skje ved ei tilpassing til dei normalformar som ligg dialekten nærrest, og det vil for dei fleste anten vere nynorsk eller dei radikale formene i bokmål. I særleg grad bør dei som i radio og fjernsyn har tilhøyrarar frå heile landet, bruke eit normert talemål. Dei fleste faste nynorskmedarbeidarane i NRK er vel òg klar over dette og kjemner ansvar for å dyrke og værdsle eit landsgyldig nynorsk normalmål (som gjerne kan ta farge av den landsluten dei kjem frå). Det er likevel enkelte som synest å la seg påverke av det bokmålsmiljøet dei ferdast i, men som slår seg til ro med at dei må ha rett til å bruke sin personlege blandingssdialekt.

Ut frå di lange erfaring, 20 år i Norsk språkenemnd og no 8 år i Norske språkråd — kan du seie noko om korleis Språkrådet verkar? Kva har det gjort av nytte, og kva bør endrast på?

— Det kan nok vere grunn til å

drøfte positive og negative sider ved Språkrådet på grunnlag av røynslene i dei 8 åra rådet har vore i arbeid. Og rådet sjølv har da òg seinast på årsmøtet i januar i år invitert medlemene til sjølvransaking og sjølvkritikk. Her er det berre plass til nokre korte merknader.

Positive sider ved verksemda er det mange av. Som ordboksmann vil eg leggje vekt på registreringa av tilveksten i ordtilfanget og det viktige normeringsarbeidet som frå dag til dag blir gjort med nemningsbruket i lærebøkene og i det nære samarbeidet med ymse faglege instansar. Her går òg samarbeidet mellom nynorsk og bokmål lettare enn når det gjeld rettskrivings spørsmål. For nynorsk er òg vakthaldet om måljamstilling og påtale av brot på føresegnene om bruk av nynorsk i ofantleg teneste viktig. Faren er at Språkrådet blir ein slags klagemur, og så gjerne rette vedkommande lite for å rette på mishøvet.

Av negative sider vil eg her nøye meg med å nemne eit par prinsippspørsmål som eg også ved tidlegare høve har peikt på i rådet. Det har vore for lite tid og delvis òg for liten vilje til å drøfte grunnleggjande prinsipp i språknormering, slike som tilhøvet mellom hovrud- og sideformer, mellom ein fastare læreboknormal og ei vidare rettskrivingsnorm for elevane. Det har òg vorte gjort altfor lite med språkunddersøkingar som grunnlag for normeringa. Dette er nødvendige førearbeid som er rekna som så viktige at dei òg er uttrykkeleg nemnde i lova om Norsk språkråd.


FØRSTE LESE- OG SKRIVEOPPLÆRING PÅ DIALEKT

Til hausten blir det sett i gang eit utviklingsarbeid med den første lese- og skriveopplæringa på dialekt.

Det er ein skole på Stranda på Sunnmøre og to skolar i Tromsø som skal vere med på dette, og skolestyre og foreldremøte har godkjent planane bae plassane. Grunnskolerådet har hatt eit utval i arbeid med denne saka ei tid.

Du SPØR

Vi SVARER



Spørsmål: Eit høgdedrag i Trøndelag der folk samla seg til mellom anna bålbreining i pinse, blir kalla *Pinastipiken*. Korleis kan det ha seg at det gamle engelske ordet *pik* (peak) vart nytta i ei lita bygd i Noreg?

Svar: Ordet *pik* var i bruk alt i frammalnorsk, da tydde det først og fremst pligg eller tunn spiss, særleg av jarn. Ordet er nok det same som det vi kjemner frå engelsk *peak* eller *pike* (som m.a. tyder spiss, fjelltopp). Hans Bross gir i si ordbok også opp tydinga *spiss bergtopp*. Han nemner at ordet blir brukt slik på Nordmøre, i Valdres og i Dalarne i Rogaland. I Ardal i Sogn har dei namnet *Fjerdingspiken* på ein fjelltagg. *Pik* om fjelltopp er kjent frå Singås i Trøndelag og frå Nord-Gudbrandsdalen.

Ordet er altså like mykje eit norsk som eit engelsk ord.

Spørsmål: Heiter det «tuta med dei ulvane ein er i lag med» eller «tute med de ulver som er ute»?

Svar: Dette er eit vanlig norsk ordtak som finst i fleire varianter: «Den som vil med ulvom bu, får med ulvom tuta», «Ein får tuta med dei ulvane ein er i lag med» (E. Seim: Ordtøkje og herme, 1962). Vi kjemner òg forma «en får tute med de ulver en er blant». Uttrykket «å tute med de ulver som er ute» skriv seg frå Ibsens *Peer Gynt* (fjerde akt). Ein kan såleis likkje seia at den eine eller den andre forma er den einaste korrekte.

Spørsmål: Heter det *malk*produ-sent eller *melle*produ-sent? Melke er et produkt av silde, og her på Nordmøre sier vi *Taksfiske, sildefiske* og så vidare.

Svar: Når ordet *melle* brukes som førsteledd i sammensetninger, skal det i de aller fleste til-